

Saksbehandlar: Ole Ingar Hagen Hæreid, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 17/4088-7

Fv. 633 Tunnel ved Kleiva – søknad om fråvik for elektriske anlegg

**Fylkesrådmannen rår hovudutval for samferdsle til å gje slik tilråding:
Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Det vert gjeve fråvik frå prosjektering etter ny handbok N601 Elektriske anlegg.

Vedlegg:

Andre relevante dokument i saka:

Handbok N601 Elektriske anlegg

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I samband med bygging av Strandanipatunnelen ved Kleiva på fv. 633 i Selje kommunen skal det etablerast elektrisk anlegg i tunnelen.

Det er kome ny handbok *N601 Elektriske anlegg* som erstattar den gamle handbok N601. handboka er ein normal etter veglova §13 om anlegg av veg.

I N601 blir det stilt krav til elektriske anlegg i veginfrastruktur. Normalen gjeld for nye elektriske veganlegg, og skal og leggjast til grunn ved oppgradering/rehabilitering av utstyr i eksisterande anlegg.

Det er gitt overgangsreglar. Desse går fram av brev frå Vegdirektoratet datert 26.09.2017 til Statens vegvesen sine regionar. Her står det følgjande:

«Prosjekter der det foreligger godkjent reguleringsplan eller som er tatt opp til bevilgning gjennomføres etter godkjent plan basert på eksisterende regelverk før N601 ble gjort gjeldende, men krav til teknisk utrusting tilpasses den nye normalen.»

Det er likevel etablert følgjande praksis i tredje kulepunkt:

- *Viss prosjekteringen knyttet til teknisk utrustning er gjennomført, konkurranse igangsatt, kontrakt inngått eller arbeidene er igangsett, bør det tas en gjennomgang og avklaring på hva som er mulig innenfor prosjektets vedtatte rammer i det enkelte tilfellet. Hvis resultatet av en slik gjennomgang viser at slik tilpasning blir meget omfattende og ikke mulig å gjennomføre innenfor prosjektets vedtatte rammer, så er det forutsatt at dette blir behandlet som fravik.*

Statens vegvesen har sett på kva som er moglege innanfor dette prosjektet sine vedtekne rammer. Prosjektering er gjennomført etter gamal handbok og ei omprosjektering vil medføre

betydelege konsekvensar med omsyn til kostnads- og tidsramma til prosjektet. Desse er gjort nærare greie for under pkt. 2 nedanfor.

Det blir difor søkt om fråvik frå krav om å ta i bruk reglane i ny handbok N601 for bygging av Strandanipatunnelen.

Tunnelen skal ikkje sikkerheitsgodkjennast sidan årsdøgntrafikken er under grensa for dette kravet. Vi treng difor ikkje be Vegdirektoratet om førehandsvurdering av fråviket.

2. Vurderingar og konsekvensar

Konsekvensar for teknisk kvalitet

N601 gjev felles føringar for elektriske anlegg/tekniske løysingar for å vidareutvikla robustheita og fleksibiliteten til eksisterande og framtidige anlegg. Gjennom gjeldande handbøker og godt malverk før ny N601 vart sett i verk, er det vurdert at det ikkje vil få store konsekvensar for teknisk kvalitet.

Konsekvens for tryggleik for trafikantane

Løysinga er i samsvar med el-tilsynslova og det er ikkje avdekka konsekvensar for tryggleiken.

Konsekvensar for miljøkvalitet, ytre miljø og HMS

Ingen

Konsekvensar for estetikk

Ingen

Økonomi- og budsjettkonsekvensar

Dersom fråviket ikkje vert godkjent, må delar av det elektriske anlegget omprosjekterast. Dette vil medføre ei utsetjing på to månader. Forseinka byggjetid medfører at delar av prosjektet må utsettast til over vinteren grunna vêrtilhøva.

Det er gjort eit grovt anslag som syner at kostnadene ville ha auka med ca. 4,3 mill.kr. Dette er knytt til omprosjektering, utvida byggjetid og auka byggherrekostnader.

Konsekvensar for framkomst

I samband med vedtak om bygging av tunnel ved Kleiva vart det gjort slik vurdering i fylkestingssak 52/15 :

«I 2012 vurderte Statens vegvesen at rasoverbygga hadde ein antatt restlevetid på maksimalt 5 år. Det hastar derfor å få ei løysing for strekninga. Dersom eksisterande rasoverbygg vert øydelagt og vegen vert stengd vil vi ha ein svært krevjande situasjon grunna utfordringane med alternativ transport med båt i dette farvatnet. Fylkesrådmannen meiner difor dette rassikringsprosjektet er i ei særstilling i høve til andre prosjekt.»

Ei utsetting av opning vil såleis kunne vere sårbart ift. framkomst.

Andre konsekvensar

Ingen

Fråviksgruppa tilrår fråvik frå prosjektering etter ny N601 Elektriske anlegg fordi det truleg vil bli marginale forskjellar når det gjeld kvaliteten på anlegget.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen sluttar seg til Statens vegvesen si tilråding om fråvik frå prosjektering etter ny handbok. Tilrådinga er i samsvar med Statens vegvesen si fråviksgruppe. Dette på bakgrunn av konsekvensar for kostnads- og tidsramma til prosjektet.